

**Utval:** Utval for opplæring og helse  
**Møtestad:** Scandic Byparken, Christiesgt. 5-7  
**Dato:** 07.04.2016  
**Tidspunkt:** 10:00-12:55

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

Navn	Funksjon	Representerer
Emil Lennart Pålakkoff Gadolin	Leiar	A
Rasmus Laupsa Rasmussen	Medlem	A
Katrin Innvær Ankervold	Medlem	A
Linda Haugland Jondahl	Medlem	A
Dan Stian Femoen	Medlem	H
Ragnhild Fagerbakke	Medlem	H Til kl. 12.00
Roald Stenseide	Medlem	FRP
Alexander Fosse Andersen	Nestleiar	SP
Solbjørg Helen Krossli Marjala	Medlem	R
Daniel Charles Hextall	Medlem	SV
Tor André Ljosland	Medlem	KRF
Øyvind Strømmen	Medlem	MDG
Elizabeth Toft Erichsen	Medlem	V

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Navn	Funksjon	Representerer
Rosalind Fosse	Medlem	FRP
John Helge Gullaksen	Medlem	H

**Følgjande varamedlemmer møtte:**

Navn	Møtte for	Representerer
Emil Tetlie Brimsholm	John Helge Gullaksen	H
Christoffer Thomsen	Rosalind Fosse	FRP

**Frå administrasjonen møtte:**

Navn	Stilling
Svein Heggheim	Fylkesdirektør opplæring
Linda Farestveit	Seksjonsleiar skule
Birthe Andersen Haugen	Seksjonsleiar fellesstørnester
Petter de Presno Borthen	Spesialrådgjevar, opplæringsavdelinga
Ingeborg Borgen Takle	Rådgjevar, fylkessekretariatet

**Sakliste**

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 31/16	Godkjenning møteinnkalling og saksliste		
PS 32/16	Godkjenning møteprotokoll forrige møte		
PS 33/16	Referatsaker (meldingar)		
RS 18/16	Om skuletilbod for flyktninger og asylsøkjarar i alderen 15 - 18 år	2015/12543	
RS 19/16	Svar på spørsmål vedkomande kantinedrifta ved Fana Gymnas	2016/3308	
RS 20/16	Svar på spørsmål i OPHE vedk. Yrkesvei Helse- og omsorgsfag	2016/3331	
RS 21/16	Motorlaboratorium - Rubbestadnes vgs	2016/3379	
PS 34/16	Vedtak fra Utdanningsdirektoratet - Godkjenning av endring ved Danielsen Intensivgymnas	2015/12460	
PS 35/16	Praksisbrevordninga. Ny høyring om forslag til endring i forskrift til opplæringslova mv	2015/9256	
PS 36/16	Disponering av investeringsmidler opplæringssektoren 2016	2016/1922	
PS 37/16	Nærmiljø og lokalsamfunn som fremjer folkehelse i Hordaland	2015/6388	
PS 38/16	Ymse		

## **PS 31/16 Godkjenning møteinkalling og saksliste**

**Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 07.04.2016**

### **Vedtak**

Møteinkalling og saksliste vart godkjent utan merknadar.

## **PS 32/16 Godkjenning møteprotokoll forrige møte**

**Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 07.04.2016**

### **Vedtak**

Møteprotokoll frå førre møte vart godkjent utan merknadar.

## **PS 33/16 Referatsaker (meldingar)**

**Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 07.04.2016**

I samband med «RS 18/16 Om skuletilbod for flyktningar og asylsøkjarar i alderen 15 - 18 år» bad utvalsleiar **Emil Gadolin (A)** om at utvalet vert halde orientert om kombinasjonsklassane.

Fylkesdirektør opplæring stadfesta at utvalet vil verte halden orientert.

I samband med «RS 19/16 Svar på spørsmål vedkomande kantinedrifta ved Fana Gymnas» bad **Tor Andre Ljosland (KrF)** om å få presentert ein oversikt over kvar Hordaland fylkeskommune nyttar seg av VTA-plassar. Fylkesdirektør opplæring vil leggje fram slik oversikt for utvalet.

**Tor Andre Ljosland (KrF)** sette fram slikt forslag:

«Utval for opplæring og helse ber om at RS 19/16 vert teken opp som sak i neste møte.»

### **Røysting**

Ljosland sitt forslag vart samråystes vedteke.

### **Vedtak**

Utval for opplæring og helse ber om at RS 19/16 vert teke opp som sak i neste møte.

I samband med «RS 20/16 Svar på spørsmål i OPHE vedk. Yrkesvei Helse- og omsorgsfag» bad utvalsleiar **Emil Gadolin (A)** om at utval for opplæring og helse varte halde orientert om vidare framdrift.

Fylkesdirektør opplæring stadfesta at utvalet vil verte halde orientert.

**RS 18/16 Om skuletilbod for flyktningar og asylsøkjarar i alderen 15 - 18 år**

**RS 19/16 Svar på spørsmål vedkomande kantinedrifta ved Fana Gymnas**

**RS 20/16 Svar på spørsmål i OPHE vedk. Yrkesvei Helse- og omsorgsfag**

**RS 21/16 Motorlaboratorium - Rubbestadnes vgs**

**RS 22/16 Innspel frå Bømlo næringsråd om motorlaboratorium på Rubbestadneset vgs (sjå RS 21-16)**

**PS 34/16 Vedtak frå Utdanningsdirektoratet - Godkjenning av endring ved Danielsen Intensivgymnas**

**Forslag til innstilling**

Hordaland fylkeskommune klagar på vedtaket frå Utdanningsdirektoratet om å godkjenne søknaden om endring ved Danielsen Intensivgymnas med den grunngjevinga som går fram av saksframlegget.

**Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 07.04.2016**

**Dan Stian Femoen (H)** sett fram slikt forslag på vegner av H, FrP og KrF:

«Utvalg for opplæring og helse støtter vurderingen til Utdanningsdirektoratet. Utvalget vil ikke påklage vedtaket.»

**Røysting**

Fylkesrådmannen si innstilling vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 7 røyster (H, FrP, KrF, MDG) for Femoen sitt forslag.

**Innstilling til fylkesutvalet**

Hordaland fylkeskommune klagar på vedtaket frå Utdanningsdirektoratet om å godkjenne søknaden om endring ved Danielsen Intensivgymnas med den grunngjevinga som går fram av saksframlegget.

**PS 35/16 Praksisbrevordninga. Ny høyring om forslag til endring i forskrift til opplæringslova mv**

**Forslag til innstilling:**

Fylkesutvalet vedtek høyringssvar om endringar i opplæringslova i tråd med saksframstillinga her.

**Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 05.04.2016**

Roger Pilskog/Tom Knudsen sette fram følgjande forslag på vegne av NHO/LO:

Yrkesopplæringsnemnda er uenig i at praksisbrevordning skal etableres som et økBart tilbud.

Det vises til at videregående skole og mange lærefag har en rekke utfordringer. En betydelig andel av utfordringen skyldes at mange elever ikke er tilstrekkelig kvalifisert fra grunnskolen til videregående opplæring. Dette kan ikke løses med å opprette nye økBare tilbud i videregående skole, som både kan stigmatisere ungdom, og undergrave den ordinære opplæringen.

I høringen beskrives målgruppen som "elever med svake skoleresultater fra ungdomsskolen som trolig vil ha problemer med videregående opplæring". Yrkesopplæringsnemnda er enig i at praksisbrevordning kan være en god mulighet for denne målgruppen.

Å tilrettelegge for slik opplæring vil kreve samhandling mellom ungdomsskoler og videregående skoler, og ikke minst det aktuelle arbeidslivet som skal bidra. Ungdom som ønsker eller motiveres til slik opplæring, vil ha dårlige karakterer, men kan likevel ha mange kvaliteter som egner seg for arbeidslivet. Derfor må karriereveiledning på ungdomstrinnet gi særlig og tydelig informasjon om tilbuddet, og inntaksmodellen må baseres på intervju, ikke poeng.

For praksisbrev kandidater må det presiseres status for den enkelte, med hensyn til å være elev eller praksisbrevkandidat, og hva innvirkning dette har for generelle elevrettigheter og vilkår under opplæring i bedrift.

Yrkesopplæringsnemnda må også involveres i hvilke fag det skal opprettes tilbud, og videre utvikling av læreplaner, samt andre spørsmål knyttet til innføring av et tilbud.

Yrkesopplæringsnemnda mener også at erfaringene med en slik ordning må evalueres innenfor en ramme av tre til fem år.

Forøvrig er nemnda enige i fylkesrådmannens vurdering.

#### **Røysting**

Pilskog/Knudsen sitt forslag vart samrøystes vedteke

#### **Tilråding fra Yrkesopplæringsnemnda:**

Yrkesopplæringsnemnda støttar fylkesrådmannens innstilling med følgjande merknad:

Yrkesopplæringsnemnda er uenig i at praksisbrevordning skal etablerast som et søkbart tilbod.

Det vises til at videregående skole og mange lærefag har en rekke utfordringar. En betydelig andel av utfordringane skyldast at mange elever ikkje er tilstrekkelig kvalifisert frå grunnskolen til videregående opplæring. Dette kan ikkje løsast med å opprette nye søkbare tilbod i videregående skole, som både kan stigmatisere ungdom, og undergrave den ordinære opplæringa.

I høringen beskrives målgruppen som "elever med svake skoleresultater fra ungdomsskolen som trolig vil ha problemer med videregående opplæring". Yrkesopplæringsnemnda er enig i at praksisbrevordning kan være en god mulighet for denne målgruppen.

Å tilrettelegge for slik opplæring vil krevje samhandling mellom ungdomsskoler og videregående skoler, og ikkje minst det aktuelle arbeidslivet som skal bidra. Ungdom som ønsker eller motiverast til slik opplæring, vil ha dårlige karakterar, men kan likevel ha mange kvaliteter som egner seg for arbeidslivet. Derfor må karriereveileddning på ungdomstrinnet gi særlig og tydelig informasjon om tilbodet, og inntaksmodellen må baserast på intervju, ikkje poeng.

For praksisbrev kandidatar må det presiserast status for den enkelte, med hensyn til å være elev eller praksisbrevkandidat, og hva innvirkning dette har for generelle elevrettigheter og vilkår under opplæring i bedrift.

Yrkesopplæringsnemnda må også involverast i kva fag det skal opprettast tilbod, og vidare utvikling av læreplaner, samt andre spørsmål knytta til innføring av et tilbod.

Yrkesopplæringsnemnda mener også at erfaringane med en slik ordning må evaluerast innanfor en ramme av tre til fem år.

#### **Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 07.04.2016**

**Tor Andre Ljosland (KrF)** sette fram slikt forslag på vegner av R, SV, A, Sp, KrF, MDG, V, H og FrP:

«Endring:  
Punkt 4.4.3  
Fylkeskommunen bør ha ansvaret for formidling av søkerar til lærebedrift.»

**Alexander Fosse Andersen (Sp)** sette fram slikt forslag på vegner av R, SV, A, Sp, KrF, MDG, V, H og FrP:

«Tillegg:  
Fylkesutvalet ynskjer ein inntaksmodell som er basert på intervju.  
Fylkesutvalet ynskjer framleis evaluering av praksisbrevordninga.»

## **Røysting**

Innstillinga med Ljosland og Fosse Andersen sine forslag vart samråystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkesutvalet vedtek høyringssvar om endringar i opplæringslova i tråd med saksframstillinga, med slike endringar:

Endring:

Punkt 4.4.3

Fylkeskommunen bør ha ansvaret for formidling av søkjarar til lærebedrift.

Tillegg:

Fylkesutvalet ynskjer ein inntaksmodell som er basert på intervju.

Tillegg:

Fylkesutvalet ynskjer framleis evaluering av praksisbrevordninga.

## **PS 36/16 Disponering av investeringsmidler opplæringssektoren 2016**

### **Forslag til innstilling**

Investeringsmidlar for 2016 til opplæringssektoren vert fordelt slik:

1. Oppfølging av skulebruksplan – tiltak	5,00 mill kr
2. Utstyrsmidlar vidaregåande skular	18,64 mill kr
3. Utstyrsmidlar fagskulalar	1,36 mill kr
4. IT og telefoni	9,50 mill kr
5. Reinhaltsutstyr	0,50 mill kr
6. <u>Totalt</u>	<u>35,00 mill kr</u>

Dersom midlane til eitt av områda ovanfor ikkje vert nytta fullt ut, vil fylkesdirektør opplæring omprioritere midlane til område der det er større behov.

### **Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 07.04.2016**

**Rasmus Rasmussen (A)** sette fram slikt forslag (a):

«Utval for opplæring og helse tek saka til orientering».

**Rasmus Rasmussen (A)** sette fram slikt forslag (b):

"Utval for opplæring og helse ber fylkesutvalet om å særleg vurdere om summen som er sett av til utstyrsmidlar til fagskulane er høg nok.»

### **Røysting**

Rasmussen sitt forslag (a) vart samråystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.  
Rasmussen sitt forslag (b) vart samråystes vedteke.

### **Vedtak**

Utval for opplæring og helse ber fylkesutvalet om å særleg vurdere om summen som er sett av til utstyrsmidlar til fagskulane er høg nok.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Utval for opplæring og helse tek saka til orientering.

## **PS 37/16 Nærmiljø og lokalsamfunn som fremjer folkehelse i Hordaland**

### **Forslag til innstilling**

1. Hordaland fylkeskommune tek regionalt prosjektansvar knytt til det nasjonale prosjektet; «kartlegging og utviklingsprosjektet Nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse 2015/16 til 2018», gjennom deltaking i samarbeid med kommunane Askøy, Bømlo, Fjell og Stord.
2. Hordaland fylkeskommune bidreg i prosjektet med prosjektleiing, gjennom eigeninnsats i prosjektperioden. Fylkeskommunal delfinansiering for 2015/2016 på kr 400 000,- vert dekkja innafor vedteken budsjetttramme, ansvar 160324; folkehelsearbeid.

### **Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 07.04.2016**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Hordaland fylkeskommune tek regionalt prosjektansvar knytt til det nasjonale prosjektet; «kartlegging og utviklingsprosjektet Nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse 2015/16 til 2018», gjennom deltaking i samarbeid med kommunane Askøy, Bømlo, Fjell og Stord.
2. Hordaland fylkeskommune bidreg i prosjektet med prosjektleiing, gjennom eigeninnsats i prosjektperioden. Fylkeskommunal delfinansiering for 2015/2016 på kr 400 000,- vert dekkja innafor vedteken budsjetttramme, ansvar 160324; folkehelsearbeid.

## **PS 38/16 Ymse**

### **Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 07.04.2016**

**Roald Kvamme**, leiar for fagskulestyret i Hordaland, orienterte om fagskulane.

Fylkesdirektør eigedom, Jostein Fjærstad, og overingeniør Ragnhild Aak Skajaa orienterte om eigedomsavdelinga og arbeidet med universell utforming.

### **Arbeidsgruppe for rekrutteringstiltak**

Utval for opplæring og helse gjorde slikt vedtak 19.03.2014:

«Opplærings- og helseutvalet sluttar seg til forslaget om å oppretta ei ekstern arbeidsgruppe som har til føremål å samarbeida om rekrutteringstiltak for å møta utfordringane i helse- og omsorgssektoren.»

Fylkesdirektør opplæring bad utval for opplæring og helse om å nemne opp ein politisk representant til arbeidsgruppa.

**Emil Gadolin (A)** sette fram slikt forslag:

«Linda Haugland Jondahl vert politisk representant i arbeidsgruppa.»

### **Røysting**

Gadolin sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Linda Haugland Jondahl vert politisk representant i arbeidsgruppa.

### **Ymse**

Fylkesdirektør opplæring informerte utvalet om at det vert **endra framdrift for skulebruksplanen** som tidlegare var planlagt å sendast ut på høyring 01.05.2016. Fylkesrådmannen har bede om at den vert lagt fram for fylkesutvalet. Utval for opplæring og helse slutta seg til dette. Skulebruksplanen vert difor sendt på høyring etter fylkesutvalet 19.05.2016, med frist 01.07.2016.

**Katrin Innvær Ankervold (A)** spurde om det var mogleg at tala om søkjarmasse og reelt inntak til skular vert lagt fram i eit kart. Fylkesdirektør opplæring skal prøve å presentere eit slikt kart i samband med høyringa om skulebruksplanen.

**Solbjørg Marjala (R)** bad om informasjon om Media City Bergen (MCB) og om avtalar mellom MCB og Hordaland fylkeskommune. Fylkesdirektør opplæring informerte om at det ikkje er nokon avtale mellom MCB og Hordaland fylkeskommune, men at det er ein samarbeidsavtale mellom Universitetet i Bergen og Hordaland fylkeskommune. Utval for opplæring og helse vert informert dersom det vert aktuelt å inngå ein avtale med MCB. Vedkomande informasjon om MCB, må representanten vende seg til MCB, eventuelt til Entra som eig bygget.

**Solbjørg Marjala (R)** ønskjer informasjon om kontakten mellom Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune i samband med saka om Fana gymnas. Fylkesdirektør opplæring opplyste dette er offentleg tilgjengeleg informasjon. **Dan Stian Femoen (H)** bad om at eigedomssjefen orienterer om kontakt vedkomande Fana gymnas på utvalsmøtet i mai.

**Solbjørg Marjala (R)** sette i førre møte fram slikt forslag til brev til kunnskapsministeren:

*"Brev til Kunnskapsdepartementet v/ minister Røe Isaksen.*

I De siste årene har der vært et stort overskudd av elevplasser innenfor studiespesialiserende retning i Bergensområdet. En løsning for å redusere overskuddet er å dra inn konsesjonen fra en privat videregående som har brutt loven. Dette i henhold til friskoleloven, paragraf 7.2a:

#### § 7-2 a. Moglege reaksjonsformer

Dersom det blir oppdaga forhold i strid med denne lova, i strid med forskrifter gitt med heimel i lova eller i strid med føresetnadene for godkjenninga, kan departementet gi pålegg om å rette på forholda.

Departementet kan halde attende tilskotet eller dra godkjenninga attende dersom vilkåra i denne lova, vilkår i forskrifter gitt med heimel i lova eller føresetnadene for godkjenninga ikkje blir fylte. Departementet kan også krevje attende for mykje utbetalt tilskot, og tilskotsmidlar som er brukte i strid med denne lova, i strid med forskrifter gitt med heimel i lova eller i strid med føresetnadene for godkjenninga.

Første og andre ledd gjeld også dersom det er oppdaga forhold i strid med andre lover og forskrifter, og forholdet svekker tilliten til skolen.

Ved bruken av reglane i første og andre ledd skal det leggjast vekt på dei verdiane som følger av § 1-1 andre ledd.

En privat videregående skole i Bergen, Bergen Private Gymnas (BPG), har ca. 500 elever.

Mange av disse er innenfor den studiespesialiserende retning. Allerede i 2013 ble det klart at denne skolen hadde brutt friskoleloven ved å ta ut profit fra skolen (BT 21.juni 2013).

Utdanningsdirektorat har derfor krevd tilbakebetalt disse pengene. Ikke overraskende ville ikke ledelsen ved denne (og skoler i samme konsern) betale tilbake (Aftenbladet 17.juni 2015).

Saken ventes å komme opp i rettsapparatet første halvdel av 2016.

Dersom Utdanningsdirektoratet får medhold ber Utvalget for helse og opplæring Kunnskapdepartementet ved minister Røe-Isaksen om å inndra konsesjonen med umiddelbar virkning.»

13 av representantane (alle unntatt SV og R) røysta mot at forslaget skulle realitetsbehandlast. Forslaget vart dermed ikkje realitetsbehandla, jf. kommunelova § 34 nr. 1, 2. setning.

**Daniel Charles Hextall (SV)** sette på vegner av SV fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Hvor langt har Hordaland fylkeskommune kommet i prosessen av ansettelsen av et elev- og lærlingmbud?»

Vil et ombud være ansatt innen skolestart i høst?»

Fylkesdirektør opplæring opplyste at det kjem ei sak om rammene for tilsetjinga i utvalsmøtet i mai.

Daniel Charles Hextall trekte forslaget sitt.

**Emil Gadolin (A)** sette fram slikt forslag:

«Utval for opplæring og helse ber administrasjonen vurdere ei mogleg namneendring av Årstad vidaregående skole. Skulen er i stor endring, der ein i framtida vil vere ein kombinert skule i nye, oppdaterte bygg. Ei namneendring vil kunne synleggjere denne utviklinga overfor skulen si målgruppe.»

**Dan Stian Femoen (H)** ber om at kostnadene med ei namneendring vert gjort synleg i saksutgreiinga.

**Tor Andre Ljosland (KrF)** ønskjer at namneendringa vert sett i samanheng med namna på dei andre vidaregåande skulane.

#### **Røysting**

Gadolin sitt forslag vart samråystes vedteke.

#### **Vedtak**

Utval for opplæring og helse ber administrasjonen vurdere ei mogleg namneendring av Årstad vidaregående skule. Skulen er i stor endring, der ein i framtida vil vere ein kombinert skule i nye, oppdaterte bygg. Ei namneendring vil kunne synleggjere denne utviklinga overfor skulen si målgruppe.